



Fyresdal kommune
Avdeling for bygdeutvikling

Rogaland Fylkeskommune
Postboks 130, Regionalplanseksjonen
4001 STAVANGER

Att.: John Jastrey

Melding om vedtak

Dykkar ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2007/254-32	Aslak Momrak-Haugan,35067119 aslak.momrak.haugan@fyresdal.kommune.no	123	21.11.2011

Uttale til planforslag om "Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei"

Her følger Fyresdal Kommunes uttale til "Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei".

Syner for orden skuld til e-post korrespondanse 15.11.2011, der det vart gjeve ein aksept for at høyringsuttala vart oversendt dykk straks kommunestyret i Fyresdal hadde fatta vedtak i saka. Kommunestyret hadde sitt møte torsdag 18.11.2011.

Fyresdal har gjeve kommentarar på fleire punkt, mellom ana nokre korreksjonar på kartet, som tidlegare er akseptert av prosjektleiar, men som ikkje er korrigerert på kartet. Dette gjelder mellom ana at dalføre med gardar i drift, der kommunen pålegg buplikt, må plasserast i "hensynssone bygdeutvikling", og ikkje i "hensynssone villrein" slik det er i dag.

Vonar elles punkta i uttala vert lagt til grunn for korreksjonar i planen.

Med helsing


Aslak Momrak-Haugan
skogbrukssjef


FYRESDAL KOMMUNE
3870 FYRESDAL



Fyresdal kommune

Arkiv: 123
 Saksmappe: 2007/254-28
 Saksbeh.: Aslak Momrak-Haugan
 Dato: 31.10.2011

Saksframlegg

Uttale til planforslag om "Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei"

Utval	Utvallssak	Møtedato
Kommunestyret	86/11	17.11.2011

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei – høyringsutkast à juni 2011.

Plankart over heile planområdet som syner føreslege arealsonering i målestokk 1:160.000

Vedlegg:

Prosessens eiga heimeside på www.heiplanen.no Her ligg alle relevante dokument, kartgrunnlag, møtereferat m.m. Sjå [Høyringsutkast a 20.06.2011](#)

Kart 1:160000 med føreslege arealsonering

Kart 1:160000 med påteikna justeringar jmf høyringsuttale

Bakgrunn for saka:

Gjennom Bern-konvensjonen har Norge tatt på seg ei internasjonal forpliktning til å ta vare på seiste rest av villrein i Europa, og villreinen i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei er den sørlegaste stamma i Europa. Villreinen er ikkje truga som art verken i Norge eller globalt, men våre heiområder utgjør de sørlegaste fjellområda i Europa med inntakte høgfjellsystem som inkluderer villrein. Gjennom dei seinare tiår har vi sett ei stadig fragmentering av villreinens leveområde, og frå å vere ei samanhengande villreinstamme i Sør-Norge lever villreinen i dag i 23 meir eller mindre oppdelte områder.

Miljøverndepartementet fatta i 2007 eit bestillingsbrev til fylkeskommunane med konkret mål om at det skal opprettast ni nasjonale villreinområde i Norge. For å imøtekomme dette har fylkestinga i Hordaland, Rogaland, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder vedteke at det skal lagast ein regional plan for heiområda i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. Vedtaket er grunna nettopp i det nasjonale målet om at fjellområda skal takast vare på som leveområde for sårbare artar, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde, og som næringsgrunnlag for levande bygder. Fjellområda skal forvaltast som landskap, der kultur- og naturressursar, næringsmessig utnytting, og friluftsliv sikrast og gjensidig utfyller kvarandre.

Planprosessen omfattar 18 kommunar og fem fylker, og sjølv planprogrammet vart vedteke i fylkestinga våren 2010. Arbeidet organiserast gjennom ein regional planprosess etter plan- og bygningsloven. Dette inneber politisk styring, nært samarbeid med kommunar og berørte partar,

og at planen vedtakast politisk av dei berørte fylkesting. Styret for planarbeidet består m.a. av ordførar frå dei ulike kommunane, der tidlegare ordførar Bjørn Nome var deltakande. Endeleg vedtak skal etter oppsett framdrift gjerast medio 2012, og skal munne ut i Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei", heretter namngjeve som Heiplanen.

Vurdering:

Planen har fylgjande hovedmål (sitert frå plandokumentet side 19):

- *Det skal fastsettes en klar grense for et Nasjonalt villreinområde (NVO) som ivaretar villreinens arealbruk til ulike årstider.*
- *Det skal fastsettes retningslinjer og føringer for en helhetlig arealforvaltning i området som også ivaretar lokalsamfunnenes behov for en langsiktig positiv utvikling.*

Delmål

Sikre leveområde for Europas sørligste villreinstamme ved å:

- *sørge for tilstrekkelige leveområder for å opprettholde en levedyktig villreinstamme i et langsiktig perspektiv*
- *ivareta nødvendige trekk for at reinen skal utnytte de to villreinområdene best mulig gjennom året*
- *sikre gode muligheter for utveksling med tilstøtende villreinstammer*
- *gi rammer for styring av ferdsel og annen aktivitet slik at hensynet til villreinens områdebruk over årstidene ivaretas*
- *bidra til å redusere konfliktene mellom mennesker og villrein*

Legge til rette for en bærekraftig bruk av området ved å bidra til:

- *å opprettholde aktiv drift i landbruket, både for å sikre næringsgrunnlaget og å sikre kulturlandskapet og tilhørende biologisk mangfold*
- *å profilere landskapet og villreinen som en regional ressurs som skal gi grunnlag og muligheter for næringsutvikling og regional profilering.*
- *at rekreasjon, friluftsliv, natur- og kulturbaserte aktiviteter gir grunnlag for bolyst, gode opplevelser og næringsutvikling*
- *rammer for videreutvikling av området som viktig friluftslivsområde for besøkende*

Øke kunnskapstilfang og -nivå ved å:

- *styrke kunnskapsgrunnlaget om villreinens leveområdebruk og effekter av menneskelige aktiviteter og inngrep*
- *bidra til å spre informasjon om villreinen*
- *bidra til å spre kunnskap om bærekraftig bruk av natur- og kulturressurser*

Bidra til økt samarbeid og en helhetlig forvaltning ved å:

- *gi et grunnlag for en mest mulig lik forvaltningspraksis over hele planområdet*
- *gi forutsigbare rammer for utvikling av næringsliv og annen aktivitet*
- *bidra til en god dialog mellom forvaltningsnivåene*

Det sentrale i Heiplanen er å bidrage til å styre framtidig arealforvaltning ved hjelp av plan- og bygningslova, og at dette skal gje ei heilskapleg forvaltning frå kommunal og fylkeskommunalt nivå. Som verkemiddel i plankartet med tilhøyrande retningslinjer, er det vald å nytte hensynssoner. Sonene syner avgrensingar for dei omsyn som skal takast i komande revisjonar av kommuneplanane. I Heiplanen er det nytta fylgjande fire hensynssoner:

- Nasjonalt villreinområde
- Hensynssone villrein

- Trekkområde
- Bygdeutvikling

Alt areal innanfor planavgrensinga er omfatta av ei av desse fire kategoriane hensynssoner, dette kjem fram av plankartet i Heiplanen.

Det er utarbeida retningslinjer for dei ulike hensynssonene, med eit sett overgripande felles retningslinjer: (sitert frå side 16)

- *Planen skal legges til grunn ved kommunenes, fylkenes og Statens behandling av plan- og byggesaker og andre saker innen areal- og ressursforvaltningen.*
- *Hensynssonene som er benyttet er tilpasset et regionalt plannivå. I kommunenes videre arealplanlegging må arealformål, plangrensar, bestemmelser og retningslinjer tilpasses i kommuneplanens arealdel, der dette ikke allerede er gjort.*
- *Prioriteringer av villreinens interesser er gitt gjennom planløsningen og retningslinjene. Interessekonflikter i forhold til villrein, landbruk, naturvern, kulturvern, biologisk mangfold, friluftsliv og landskap (opplistingen er ikke fullstendig) skal likevel avklares gjennom konsekvensutredninger i samsvar med plan- og bygningsloven på relevant plannivå.*
- *Det skal gis rom for nærings- og rekreasjonsmessig bruk av naturverdiene i planområdet innenfor rammene av Heiplanen, slik det går fram av retningslinjene.*
- *Ved behandling av evt. søknad om dispensasjon fra kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven § 19, skal planmyndigheten legge vekt på å følge opp retningslinjene i Heiplanen.*

Dei fire hensynssone har kvar for seg eit sett generelle- og eit sett særskilde retningslinjer.

Retningslinjene for dei ulike hensynssonene er saman med deira plassering i plankartet det mest sentrale i planen, og såleis det viktigaste å setje seg godt inn i for å vurdere konsekvensane av planen.

Retningslinjene er omfattande, og vert difor ikkje gjengitt her – desse er å finne på side 16 til 20 i Heiplanen. Fylgjande hovudtrekk er likevel gjeldande:

Hensynssone Nasjonalt Villreinområde(NVO) (grøn på kartet):

I denne hensynssona skal villreinens interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. Nye fritidsboligar tillatas ikkje. Landbruk, næringsutvikling og friluftsliv kan fortsette og vidareutviklas innan gitte rammer.

NB; Merk at dette er den strengaste hensynssona i planområdet, denne er sterkt inngripande i moglegheitane ein har i dette området i framtida. I alle saker skal villreinens interesser vurderast opp mot det omsøkte tiltaket. Spesifikt skal det ikkje tillastast byggeverksemd som forringar villreinens bruk av området. Dette medfører at det ikkje vert tillate å bygge nye fritidshytter og heller ikkje tillate å dele frå støyler til bruk som fritidshytte. Mindre tilbygg på fritidshytter kan tillastast, og det kan tillastast å setje opp "mindre uthus" i tilknytning til fritidshytta. Kva som ligg i "mindre uthus" er ikkje definert, dette bør presiserast. I tilknytning til eksisterande fritidshytte bør det og vere mogleg å setje opp annekst om slikt ikkje finnast i dag. Her er det rimeleg å knytte arealbegrensing opp mot PBL, og til dømes nytte 15m² som maksimal storleik på annekset. Vidare er det sagt at:

- Bygg knytt til utmarksnæring kan tillastast innan gjevne rammer. (utmarksnæring må då kunne dokumenterast gjennom næringsoppgåve).
- Bygg knytt til støyling, beiting, opplevingsnæring, jakt og fiske, vidaresal av jakt og fiskeprodukt og foredling kan tillastast innan definerte rammer.

- Gamle støylsbygg og støylslandskap er kulturminner ein ynskjer å ivaretake, og det opnast difor for å restaurere slike uavhengig om det er drift på garden/eigedommen.

Samla sett er dette i samsvar med dei føringar som ligg på LNF-område i dag, men med betydeleg strengare føringar for dispensasjonar.

Motorisert ferdsel vert og gjeve føringar i NVO. For å få styring på motorisert ferdsel skal kommunen vurdere å utarbeide motorferdselplan for kommunen. Dette har til no hatt liten relevans i Fyresdal, men kan verte meir aktuelt om ein får til ei opning for løypenett i kommunen (evnt. interkommunalt). Vidare skal ein ved tildeling av skuterløyver ta omsyn til områdets "tålegrense". Fyresdal kommune set i dag vilkår i alle tildela skuterløyve at køyring kun skal skje langs søkjars valte trase, samt at all skuterkøyring etter 20 april i villreinområde er forbode. På denne måten har ein allereie ivareteke mykje av føringane som vert gjeve i Heiplanen. Heiplanen har og forventningar til kommunane om å legge til rette for eit betre tilbod for leigetransport/skutertaxi for å redusere talet på dispensasjonar til hyttekøyring. Med bakgrunn i hyttestrukturen vi har i Fyresdal, med mykje spreidd bebyggelse, har ikkje leigekøyring breidd om seg, og ein ser det vanskeleg å gjennomføre store endringar i praksis i kommunen på dette feltet. Fyresdal har saman med Tokke i fleire rundar kome med innspel om at det må opnast for å legge ut løypenett for rekreasjonskøyring innanfor planområdet. Ein kan ikkje sjå at dette er ivareteke i konkrete retningslinjer i høyringsdokumentet.

Innan NVO legg og Heiplanen opp til at nye og eksisterande landbruksvegar og anleggsvegar skal regulerast ved bom, slik at vegane kun kan nyttast til landbruksdrift og anleggstilsyn. Dette vil vere problematisk i Fyresdal, då ein kan sjå føre seg fysisk bom på t.d. vegen til Gausvatn og Votnæ, vegen til Torsdalen og til Øysæ. Dette er alle vegar som i dag er ope for ålmenta mot innkrevjing av bompengar, og ein stenging av desse vegane for all fritidsbruk, vil vere problematisk.

Ad. kraftanlegg skal nye eller vesentlig utviding av eksisterande kraftverk og overføringslinjer unngåas. Unntak er likevel for småkraftverk og prosjekt som ikkje inneber vesentlige inngrep med innverknad på villrein. Alle kraftrelaterte utbyggingar skal vurderast opp mot eigne konsekvensvurderingar for kvart prosjekt.

Hensynssone Villrein (gul på kartet):

I denne hensynssona er det viktige leveområder for villrein. Her gjeld i stor grad dei same retningslinjene som i NVO, men det kan likevel tillatast noko meir aktivitet. I denne hensynssona kan kanaliseringstiltak for friluftsliv leggast. Hensynssona er delt opp i fleire område, slik det går fram av plandokument og plankart.

Til forskjell frå NVO kan nye fritidsbygg tillatast i "Hensynssone villrein". I dette området kan det gjennom plan søkast om arealbruk med grunnlag i plan- og bygningslovens §11-11 nr. 2, altså spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygg som ikkje sjåast å være ein del av landbruket. Eventuell godkjenning av slike områder skjer gjennom normal kommuneplanprosess med konsekvensutgreiing.

Merk at alle retningslinjer kva gjeld bruk av motorisert ferdsel, kraftverk m.m. er likelydande i "hensynssone villrein" som i NVO.

Hensynssone Trekkområde (lilla på kartet):

Denne sona, som delvis overlappar dei andre hensynssonene, syner viktige trekkområde som skal ivaretakast. Desse er difor trekt ut som egen sone. Andre trekkvegar går fram av temakart villrein. Retningslinjene for trekkområda gjeld i tillegg til hensynssonene dei overlappar. Her skal det takast omsyn til at områda har særlig betyding som trekkområder for villrein. Dette inneberer at det er sporadisk og/eller sesongvis bruk av områda. Her må all aktivitet og byggeverksemd

godkjennast via plan, og det må takast særlege omsyn, både ang. evt. plassering og drift, med basis i oppdatert kunnskap om området.

Fyresdal har ikkje slike trekkområde innanfor planområdet. Likevel har vi kalvingsområde og sumararbeite vest i heia, dette samanfall i stor grad med arealet som er definert som nasjonalt villreinområde (NVO) og skapar såleis ikkje ytterlegare bandlegging utover NVO.

Hensynssone Bygdeutvikling (grå på kartet):

Dette er områda som omfattar resten av areala i planområdet. Her er eksisterande områder for utbygging (bustader, hytter, reiselivsareal mm), tettstader, landbruksareal mm. , jf. kommuneplanane.

Her er det viktig å merke seg:

- Villreinens interesser er avklart i denne sona ved at Heiplanen vedtakast og gjennomførast.
- Gjeldande planstatus i kommunen er styrande for vidare utvikling inntil nye planer føreligg.
- Dette er utviklingssona i bygdene der nye større tiltak primært skal kanalisert til. Her prioriterast planar og tiltak som fremmer ei bærekraftig bygdeutvikling.

Med andre ord er det til ei kvar tid gjeldande kommuneplanar som gjeld i området, og diskusjon om villreinens bruk av området er avklart og såleis ikkje tema for evt. konsekvensutgreiing i enkeltsaker.

Der er viktig å merke seg at alle vedtekte reguleringsplanar, kommunedelplanar, kommuneplanar og andre fylkesdel/regional-planar fortsatt gjeld innanfor samtlege av hensynssonene, inntil planane vert revidert. Retningslinene og tilpassa arealføremål skal innarbeidast i kommunedelplanane ved revisjon.

Nasjonalt villreinområde (NVO) vil verte ei politisk vedteken arealgrense etter plan- og bygningslova. Grensa har kome fram ved avveging av ulike interesser opp i mot villreinens behov gjennom regionale planprosessar.

For Fyresdal går grensa for NVO langs ytre kant av høgheia; vest for Nesvatn og Kvipt, langs vestsida av Borggrensdalen, vidare over Fiskeløys til Hovstøyl, og deretter aust mot Tjønnfjell og Berrfjell, før ein når byte mot Tokke i nord.

"Hensynssone villrein" går endå lengre ut mot dalen, i praksis heia ein ser frå hovuddalføret, med unntak av Øvre Birtedalen, Kleivgrend inn til Libru og Fjellgardane nesten inn til Skåli, som då ligg i "hensynssone bygdeutvikling".

"Hensynssone bygdeutvikling" er då resterande areal innom plangrensa.

Med bakgrunn i dei gjennomgatte retningslinene for NVO og "hensynssone villrein", ser ein at svært mykje av arealet i Fyresdal er underlagt sterke føringar i Heiplanen. Mykje av arealet er også i dag underlagt føringar gjennom kommunens planverktøy (LNF), men Heiplanen legg føringar utover gjeldande lovverk kva gjeld t.d. motorisert ferdsel, vegbygging/-vedlikehald m.m. Vidare legg Heiplanen ytterlegare føringar på utviding av eksisterande hyttefelt, vegsamband, kraftverk m.m.

Med bakgrunn i noverande- og forventa framtidig arealbruk er det naudsynt å gjere visse endringar i soneinndelinga i plankartet.

I

Lengst sør i kommunen (Espeli) er det utbyggingsplanar i samarbeid med grunneigarar i Åmli kommune. Planane tangerer NVO sør-vest for Vindilhytta. Kvifor grensa for NVO er trekt akkurat slik den er på kartet er ikkje fundamentert, og ei mindre justering her har ingen konsekvens for NVO. Grensa for NVO bør trekkast i rett line frå dammen på Nesvatn, ned mot nord-austre hjørne på Rukkedalen Naturreservat. Arealet overførast til "hensynssone bygdeutvikling", og blir grått på kartet.

II

Det føreligg i dag eit ynskje om å utvikle nye hyttefelt nordvest for Bergstadjfjell, samt eit skitrekk i tilknytning til Bergstadjfjell. Dette er planar som har vore utreda tidlegare. I ei konsekvensutgreiing gjort av Faun Naturforvaltning AS i 2009 i høve eit støre prosjekt i same område, er det konkludera med at området er svært lite bruka som vinterbeite, og at potensiale som vinterbeite er lite. Aktiviteten knytt til planlagt skitrekk vil såleis i liten grad påverke villreinen. Vidare er det konkludert med at aktiviteten allereie er så stor i området kring Birtedalen sumarstid, at konsekvensen for villrein også sumarstid vil vere liten. Vilkårå for trekk nord/sør frå Bergstadjfjell over vegen til Birtedalen er og i fylgje rapporten sterkt redusert, og har liten verdi i dag.

Slik NVO no er avgrensa vil planane for utbygging i tilknytning til Bergstadjfjell verte vanskelege, og det er difor ynskjeleg å endre denne grensa i tråd med utbyggingsplanane. Grensa for NVO bør trekkast frå parkeringsplassen ved Birte, langs turistvegen til Smylemoen, vidare over til Nesvatn der ein møter "hensynssone villrein" (gul).

III

Borggrendsdalen ligg i planforslaget i "hensynssone villrein", heilt frå Fardal i aust og inn til Borgi innerst i dalen. Det er i dag busetting på fleire av gardane innover dalen, i tillegg til tilflytting av unge engasjerte folk som ynskjer utvikling av eigedom. Dette synes vanskeleg å kombinere med dei retningslinene som vert gjeve for "hensynssone villrein". Retningslinene vil fort verte oppfatta som ei barriere for utvikling, noko som ikkje er intensjonen i Heiplanen. Borggrendsdalen bør i sin heilskap plasserast i "hensynssone bygdeutvikling", som gir rom for nettopp utvikling av eigedomane i grenda. For å oppnå dette må eit belte på minimum 1000 meter (500 meter på kvar side av vegen) overførast til "hensynssone bygdeutvikling" (grå) frå Fardal og inn til Borgi. Dette samantfall også med Fyresdal Kommunes innspel på fylkesmøte i Telemark på Dalen 16.02.2011, og det stillast spørsmål ved kvifor dette ikkje er justert i høringsdokumentet.

IV

Dalføret frå Haukerei til Hovvatn (Torsdalsdammen) ligg i Heiplanen i sone NVO. Her er det spreidd fritidsbebyggelse i dag, samt at AVB har sine anlegg på Haukerei og Torsdalsdammen. Vegen inn til Torsdalen vart bygd i 1958, til Øysæ i 1968. Med andre ord er dette eit inngrep som har ligge her i lang tid, utan å skape vesentlege negative verknadar for villreinen. Eit belte på 800 meter må her overførast til "hensynssone villrein" for å gje opning for vidare bygging av spreidde fritidshytter i området, slik ein har moglegheit til langs vegen mot Øysæ.

V

Det er i dag fast busetting på Skåli, med aktiv gardsdrift. Garden ligg i Heiplanen i "hensynssone villrein", dette truleg med bakgrunn i manglande lokalkunnskap ved konstruksjon av kartet. Her må "hensynssone villrein" trekkast inn til osen på Norbøtjønnå for å ivareta gardsdrifta og stadbunden næringsutvikling på eigedom.

Konklusjon:

Heiplanen er eit godt gjennomarbeida plandokument, som framstår som eit godt verktøy for å sikre varige leveområder for villreinen. Planen vil dempe fragmentert utbyggingspress (bit for bit problematikken), og gje klarare grenser for kvar villreinen skal og kan nyttast som argument i arealforvaltninga. Likevel framstår planen meir som ein villreinplan enn ein fylkesdelplan for arealforvaltning. For Fyresdal sin del femnar planen om heile 68% av kommunens totalareal. Dette kan forsvarast reint topografisk, men det legg sterke føringar for vidare utvikling i heiområda vest for hovuddalføret. Retningslinene som ligg til grunn for kvar enkelt hensynssone gir tydelege føringar for all framtidig arealforvaltning, og reduserer klart moglegheitane for aktivitet på eigedomane innan NVO. Næringsrelatert utvikling i utmark- og landbruksnæring har visse opningar, men ved samtlege tiltak i NVO og «hensynssone villrein» skal det ligge ei konsekvensutgreiing til grunn for handsaming av søknad om tiltak. Med bakgrunn i retningslinene som er gjeve for kvar hensynssone, og den kjennskap ein har til dagens- og ynskja framtidig arealbruk, ser ein det naudsynt å justere noko på grensene for dei ulike hensynssonene på fylgjande stader:

1. Grensa for NVO trekkast i rett line frå dammen på Nesvatn, ned mot nord-austre hjørne på Rukkedalen Naturreservat. Arealet overførast til «hensynssone bygdeutvikling», og blir grå på kartet.
2. Grensa for NVO trekkast frå parkeringsplassen ved Birte, langs turistvegen til Smylemoen, vidare langs turistvegen over til Nesvatn der ein møter «hensynssone villrein» (gul). Arealet nord for ny grense (Bergstadjell) overførast til «hensynssone bygdeutvikling», og blir grå på kartet.
3. Borggrendsdalen overførast i sin heilskap til «hensynssone bygdeutvikling». Dette gjerast ved at eit belte på minimum 1000 meter (500 meter på kvar side av vegen) frå Fardal og inn til Borgi overførast til «hensynssone bygdeutvikling» og vert grå på kartet.
4. Dalføret frå Haukerei til Hovvatn (Torsdalsdammen) overførast frå NVO til «hensynssone villrein». Dette gjerast ved at eit belte på 800 meter overførast til "hensynssone villrein" og blir grå på kartet.
5. Området kring garden Skålid overførast til «hensynssone bygdeutvikling» for å ivareta framtidig næringsutvikling på garden.

Vidare ser ein det naudsynt med nokre tilføyningar/justeringar i retningslinene:

-Under "generelle retningslinier" for NVO, kulepunkt 6, må det presiserast kva ein legg i "mindre uthus". Vidare må det gjerast mogleg å byggje eit anneks i tilknytning til fritidshytta om slikt ikkje finnast frå før, gjerne med maksimal grunnflate på 20 m².

-Under "spesielle retningslinier" for NVO punkt 4 ferdsel, må det føyast inn eit punkt som opnar for etablering av kommunale/interkommunale rekreasjonsløyper for snoskuter.

-Vidare må det under «spesielle retningslinier» punkt 4 ferdsel, øvste kulepunkt på side 18 gjerast endring slik at krav om bom kun gjeld nye landbruks- og annleggsvegar, då dei etablerte vegane aust-vest i dalføra er avgjerande for ålmentas bruk av heiområda generelt og fritidshyttene i området spesielt.

-Det må tydeleggjerast at det i «hensynssone bygdeutvikling» ikkje stillast krav til konsekvensutgreiing med omsyn til villrein, uavhengig av kvar i sona ein ynskjer aktivitet. Dette kjem ikkje godt nok fram i høyringsdokumentet.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune gir fylgjande uttale til «Regional plan for Setesal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei»:

Fyresdal Kommune har fylgjande merknader til planforslaget for Regionalplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei:

-Under "generelle retningslinjer" for NVO side 16, kulepunkt 6, må det presiserast kva ein legg i "mindre uthus". Vidare må det gjerast mogleg å byggje eit anneks i tilknytning til fritidshytta om slikt ikkje finnast frå før, gjerne med maksimal grunnflate på 20 m².

-Under «spesielle retningslinjer» for NVO side 17, punkt 4 om ferdsel, må det føyast inn eit punkt som opnar for etablering av kommunale/interkommunale rekreasjonsløyper for snoskuter.

-«spesielle retningslinjer» for NVO side 18, fortsetjing av punkt 4 om ferdsel, øvste kulepunkt, må endrast til kun å gjelde nye landbruks- og anleggsveggar, då dei etablerte vegane aust-vest i dalføra er avgjerande for ålmentas bruk av heiområda generelt og fritidshyttene i området spesielt.

-Det må tydeleggjerast at det i «hensynssone bygdeutvikling» ikkje stillast krav til konsekvensutgreiing med omsyn til villrein, uavhengig av kvar i sona ein ynskjer aktivitet.

Vidare må fylgjande endringar gjerast i plankartets arealsonering:

1. Grensa for NVO trekkast i rett line frå dammen på Nesvatn, ned mot nord-austre hjørne på Rukkedalen Naturreservat. Arealet overførast til «hensynssone bygdeutvikling», og blir grå på kartet.
2. Grensa for NVO trekkast frå parkeringsplassen ved Birte, austover langs turistvegen til Smylemoen, vidare langs turistvegen over til Nesvatn der ein møter «hensynssone villrein» (gul). Arealet nord for ny grense (Bergstadjell) overførast til «hensynssone bygdeutvikling», og blir grå på kartet.
3. Borggrendsdalen overførast i sin heilskap til «hensynssone bygdeutvikling». Dette gjerast ved at eit belte på minimum 1000 meter (500 meter på kvar side av vegen) frå Fardal og inn til Borgi overførast til «hensynssone bygdeutvikling» og vert grå på kartet.
4. Dalføret frå Haukeri til Hovvatn (Torsdalsdammen) overførast frå NVO til «hensynssone villrein». Dette gjerast ved at eit belte på 800 meter overførast til "hensynssone villrein" og vert gul på kartet.
5. Området kring garden Skålid overførast til «hensynssone bygdeutvikling» for å ivareta framtidig næringsutvikling på garden. Området vert grått på kartet.

Handsaming i Kommunestyret - 17.11.2011

Framlegg frå Gunhild Austjord:

Som innstillinga frå rådmannen med fylgjande tillegg:

Nytt punkt 1.

Bygdeutviklingssona (grå) skal omfatte alle areal under verneskoggrensa i heile kommunen.

Punkt 1-5 i rådmannen sitt framlegg vert då punkt 2-6.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med tillegget frå Gunhild Austjord.

Vedtak i Kommunestyret - 17.11.2011

Fyresdal kommune gir fylgjande uttale til «Regional plan for Setesal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei»:

Fyresdal Kommune har fylgjande merknader til planforslaget for Regionalplan for Setesal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei:

-Under "generelle retningslinjer" for NVO side 16, kulepunkt 6, må det presiserast kva ein legg i "mindre uthus". Vidare må det gjerast mogleg å byggje eit anneks i tilknytning til fritidshytta om slikt ikkje finnast frå før, gjerne med maksimal grunnflate på 20 m².

-Under «spesielle retningslinjer» for NVO side 17, punkt 4 om ferdsel, må det føyast inn eit punkt som opnar for etablering av kommunale/interkommunale rekreasjonsløyper for snoskuter.

-«spesielle retningslinjer» for NVO side 18, fortsetjing av punkt 4 om ferdsel, øvste kulepunkt, må endrast til kun å gjelde nye landbruks- og anleggsvegar, då dei etablerte vegane aust-vest i dalføra er avgjerande for ålmentas bruk av heiområda generelt og fritidshyttene i området spesielt.

-Det må tydeleggjerast at det i «hensynssone bygdeutvikling» ikkje stillast krav til konsekvensutgreiing med omsyn til villrein, uavhengig av kvar i sona ein ynskjer aktivitet.

Vidare må fylgjande endringar gjerast i plankartetets arealsonering:

6. Bygdeutviklingssona (grå) skal omfatte alle areal under verneskoggrensa i heile kommunen.
7. Grensa for NVO trekkast i rett line frå dammen på Nesvatn, ned mot nord-austre hjørne på Rukkedalen Naturreservat. Arealet overførast til «hensynssone bygdeutvikling», og blir grå på kartet.
8. Grensa for NVO trekkast frå parkeringsplassen ved Birte, austover langs turistvegen til Smylemoen, vidare langs turistvegen over til Nesvatn der ein møter «hensynssone villrein» (gul). Arealet nord for ny grense (Bergstadfjell) overførast til «hensynssone bygdeutvikling», og blir grå på kartet.
9. Borggrendsdalen overførast i sin heilskap til «hensynssone bygdeutvikling». Dette gjerast ved at eit belte på minimum 1000 meter (500 meter på kvar side av vegen) frå Fardal og inn til Borgi overførast til «hensynssone bygdeutvikling» og vert grå på kartet.
10. Dalføret frå Haukerei til Hovvatn (Torsdalsdammen) overførast frå NVO til «hensynssone villrein». Dette gjerast ved at eit belte på 800 meter overførast til "hensynssone villrein" og vert gul på kartet.
11. Området kring garden Skålid overførast til «hensynssone bygdeutvikling» for å ivareta framtidig næringsutvikling på garden. Området vert grått på kartet.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef

